



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 53 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i naturskedeforsikringslova m.m.
(ansvarsgrense og tilsyn med
Norsk naturskadepool)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4.4	Departementet sine vurderingar	12
2	Bakgrunnen for lovforslaga	5	5	Endringar i tvangs- fullbyrdingslova	13
2.1	Endringar i naturskadeforsikringslova	5	5.1	Gjeldande rett	13
2.2	Endringar i tvangsfullbyrdingslova	6	5.2	Forslaget i høyringsnotatet	13
			5.3	Høyringsinstansane sitt syn	14
			5.4	Departementet sine vurderingar	14
3	Endringar i forskriftsheimel om fastsetjing av ansvarsgrensa	9	6	Økonomiske og administrative konsekvensar	14
3.1	Gjeldande rett	9	7	Merknadar til dei enkelte føresegnene	14
3.2	Forslaget i høyringsnotatet	9			
3.3	Høyringsinstansane sitt syn	10			
3.4	Departementet sine vurderingar	11			
4	Tilsyn med Norsk naturskadepool	11		Forslag til lov om endringar i naturskadeforsikringslova m.m. (ansvarsgrense og tilsyn med Norsk naturskadepool)	16
4.1	Gjeldande rett	11			
4.2	Forslaget i høyringsnotatet	11			
4.3	Høyringsinstansane sitt syn	12			

Prop. 53 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i naturskadeforsikringslova m.m. (ansvarsgrense og tilsyn med Norsk naturskadepool)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 7. mars 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen gjer Justis- og beredskapsdepartementet framlegg om endringar i naturskadeforsikringslova. Endringane gjeld forskriftsheimelen om fastsetjing av grensa for det samla ansvaret forsikringsselskapa har ved ein enkelt naturkatastrofe, og at Finanstilsynet skal føre tilsyn med Norsk naturskadepool.

Då advokatlova blei satt i kraft 1. januar 2025, slutta rettshjelparordninga å gjelde. Etter tvangsfullbyrdingslova kan rettshjelparar vere prosessfullmektigar i tvangsfullbyrdingssaker. Departementet gjer framlegg om å endre tvangsfullbyrdingslova, slik at det i staden er juristar som kan vere prosessfullmektigar.

2 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1 Endringar i naturskadeforsikringslova

Justis- og beredskapsdepartementet sende 24. juni 2024 på høyring eit høyringsnotat om ny naturskadeforsikringslov. I forslaget blei det mellom anna foreslått ein auke av ansvarsgrensa og ei føresegn om at Finanstilsynet skal føre tilsyn med Norsk naturskadepool. Sjølv om det blei

gjort framlegg om ei ny lov, blei det i høyringsnotatet tatt atterhald om at departementet ville vurdere om det var hensiktsmessig å foreslå ei ny lov eller å følgje opp behov for enkeltståande presserande regelendringar i den gjeldande lovgivinga.

Høyringsnotatet blei sendt til:

Departementa

Bane NOR
Direktoratet for byggkvalitet
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Finanstilsynet
Forbrukarrådet
Forbrukartilsynet
Kartverket
Klagenemnda for naturskadesaker
Landbruksdirektoratet
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Regelrådet
Statens vegvesen
Statsbygg
Statsforvaltarane
Sysselmeisteren på Svalbard

Fylkeskommunane
Kommunane

Longyearbyen lokalstyre

Advokatforeningen

Byggmesterforbundet

Den Norske Aktuarforening

Den norske Forsikringsforening

Eiendom Norge

Eika Forsikring

Finans Norge

Finansforbundet

Finansklagenemnda

Fremtind Forsikring

Frende Forsikring

Gjensidige Forsikring

Hovedorganisasjonen Virke

Huseiernes Landsforbund

If Skadeforsikring

KLP Skadeforsikring AS

Knif Trygghet Forsikring

Kommunesektorens organisasjon (KS)

Landkreditt Forsikring

Landsorganisasjonen i Norge

Ly Forsikring

Naturfareforum

Naturvernforbundet

Nemi Forsikring

Norges Bondelag

Norges Eiendomsmeglerforbund

Norges Hytteforbund

Norges ingeniør- og teknologorganisasjon

Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Norsk naturskadepool

Norsk Vann

Norske Boligbyggelags Landsforbund SA

Næringslivets Hovedorganisasjon

OBOS BBL

Protector Forsikring

Regnskap Norge

Rådgivende Ingeniørers Forening

Skattebetalerforeningen

SMB Norge

Storebrand forsikring

Tekna

Tryg Forsikring

Vellenes Fellesorganisasjon

Cicero Consulting

CICERO Senter for klimaforskning

Handelshøyskolen BI

Høgskulen på Vestlandet

Menon Economics AS

Meteorologisk institutt

Nord universitet

Nordlandsforskning

Noregs Handelshøgskole

Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Norges Geotekniske Institutt

Norsk senter for berekraftig klimatilpassing
(Noradapt)

Norwegian Research Centre

OsloMet

SINTEF Community

Telemarksforskning

Universitetet i Agder

Universitetet i Bergen

Universitetet i Oslo

Universitetet i Stavanger

Universitetet i Sørøst-Noreg

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske
universitet

Vestlandsforskning

Høyringsfristen var 25. september 2024.

Følgjande instansar har hatt realitetsmerkna-
dar som gjeld dei spørsmåla som blir handsama i
proposisjonen her:

Finanstilsynet

Forbrukarrådet

Universitetet i Oslo

Oslo kommune

Advokatforeningen

Den Norske Aktuarforening

Finans Norge

Norsk naturskadepool

Næringslivets Hovedorganisasjon

I tillegg har Advokatfirmaet Thommessen AS gitt
merknadar på vegner av If Skadeforsikring AB,
Gjensidige Forsikring ASA, Tryg Forsikring A/S
og Fremtind Forsikring AS. Selskapa har slutta
seg til merknadane frå Finans Norge.

2.2 Endringer i tvangsfullbyrdingslova

Justis- og beredskapsdepartementet sende 4. juni
2024 på høyring eit høyringsnotat med «forslag til
ny rettshjelpforskrift, endringer i salærforskriften
og enkelte andre forskrifter og forslag til mindre
endringer i tvangsfullbyrdsloven».

Høyringsnotatet blei sendt til:

Departementa

Advokatbevillingsnemnda

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Barne-, ungdoms- og familieetaten region

Midt-Noreg

Barne-, ungdoms- og familieetaten region nord

Barne-, ungdoms- og familieetaten region sør
 Barne-, ungdoms- og familieetaten region vest
 Barne-, ungdoms- og familieetaten region aust
 Barneombodet
 Barnesakkunnig kommisjon
 Barneverns- og helsenemndene
 Brønnøysundregistra
 Datatilsynet
 Den rettsmedisinske kommisjonen
 Det nasjonale statsadvokatembetet
 Digitaliseringsdirektoratet
 Disiplinærnemnda for advokatar
 Diskrimineringsnemnda
 Domstoladministrasjonen
 Finanstilsynet
 Finnmarkskommisjonen
 Forbrukarrådet
 Forbrukartilsynet
 Generaladvokaten
 Helsedirektoratet
 Helsetilsynet
 Innstillingsrådet for dommarar
 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet
 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker
 Konkurransetilsynet
 Kontoret for valdsoffererstatning
 Kontrollutvalet for kommunikasjonsskontroll
 Kriminalomsorgsdirektoratet
 Kripos
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress
 Nasjonalt tryggingssorgan
 Noregs forskingsråd
 Noregs institusjon for menneskerettar
 Pasient- og brukaromboda
 Pasientskadenemnda
 Personvernemnda
 Politidirektoratet
 Politidistrikta
 Politihøgskolen
 Politiets tryggingsteneste
 Regelrådet for næringslivet
 Regjeringsadvokaten
 Riksadvokaten
 Riksantikvaren
 Riksarkivet
 Riksrevisjonen
 Sametinget
 Sekretariatet for konfliktråda
 Sentraleininga barneverns- og helsenemnda
 Service- og tryggingssorganisasjonen til departementa
 Sivil klareringsmyndigheit
 Skattedirektoratet

Skatteetaten divisjon innkrevjing (Statens innkrevjingssentral)
 Spesialeininga for politisaker
 Språkrådet
 Statens barnehus
 Statens helsetilsyn
 Statens kartverk
 Statens sivilrettsforvaltning
 Statistisk sentralbyrå
 Statsadvokatembeta
 Statsforvaltarane
 Sysselmeisteren på Svalbard
 Tilsynsrådet for advokatverksemd
 Tilsynsutvalet for dommarar
 Trygderetten
 Universiteta
 Utdanningsdirektoratet
 Utlendingsdirektoratet
 Utlendingsnemnda
 Økokrim

 Høgsterett
 Lagmannsrettane
 Tingrettane
 Arbeidsretten
 Jordskifterettane
 Utmarksdomstolen for Finnmark

 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste
 Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga
 Stortingets utval for rettferdsvederlag

 Fylkeskommunane
 Kommunane
 Longyearbyen lokalstyre
 Fri rettshjelp – Oslo kommune
 Pro Sentret, Velferdsetaten, Oslo kommune

 AAP-aksjonen
 Advokatforeningen
 Akademikerne
 Aleneforeldreforeningen
 Amnesty International Norge
 Antirasistisk Senter
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 Aurora interesseorganisasjon for psykisk helse
 Borgerrettighetsstiftelsen Stopp Diskrimineringen
 Caritas Norge
 Den internasjonale juristkommisjon – norsk avdeling
 Den norske dommerforening
 Den norske legeforening
 Den norske Revisorforening

DIXI Ressurssenter mot voldtekt	Norsk Forbund for Utviklingshemmede
Dommerfullmektigforeningen	Norsk Fosterhjemsforening
Eiendom Norge	Norsk Innvandrersforum
Fagforbundet i Norge	Norsk Journalistlag
Fellesorganisasjonen	Norsk Kvinnesaksforening
Finansforbundet	Norsk organisasjon for asylsøkere
Finansieringsselskapenes forening	Norsk Presseforbund
Finans Norge	Norsk psykiatrisk forening
Forandringsfabrikken kunnskapssenter	Norsk psykologforening
Foreningen 2 Foreldre	Norsk Redaktørforening
Foreningen Ridderrennet	Norsk Sykepleierforbund
Forskerforbundet	Norsk tjenestemannslag
Forskningstiftelsen FAFO	Norsk Tolkeforening
Frelsesarmeen	Næringslivets Hovedorganisasjon
FRI Foreningen for kjønns- og seksualitets- mangfold	Organisasjonen For Uføres rettigheter
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon	Organisasjon for barnevernsforeldre
Gatejuristen	Organisasjonen mot offentlig diskriminering
Gjeldsoffer-Alliansen	Parat
Hovedorganisasjonen Virke	Pensjonistforbundet
Human Rights Alert – Norway	Politiets Fellesforbund
IKT-Norge	Politijuristene
Juridisk rådgivning for kvinner	Pressens faglige utvalg
Juristforbundet	Redd Barna
Jussbuss	Reform – ressursenter for menn
Jussformidlingen	Rettshjelpsentralen
Jusshjelpa i Nord-Norge	Rettspolitisk forening
Kirkens Bymisjon	Rettsenteret
Kreftforeningen	RIO – en landsdekkende brukerorganisasjon på rusfeltet
Krisesentersekretariatet	ROSA
Kommunesektorens organisasjon (KS)	Rådet for psykisk helse
Kvinnefronten	Samarbeidsforumet av funksjonshemmede organisasjoner
Kvinnegruppa Ottar	Samarbeidsutvalget for forliksråd og namsmenn
Landsforeningen for barnevernsbarn	Samerådet
Landsforeningen for voldsofre	Samfunnsviterne
Landsforeningen We Shall Overcome	Selvhjelp for Innvandrere og Flyktninger – Oslo
Landsorganisasjonen i Norge	Statsadvokatenes forening
Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner	Stiftelsen Kirkens Familievern
Leieboerforeningen	Stiftelsen Rettferd
Likestillingssenteret	Stiftelsen SINTEF
Likestillingssenteret KUN	Stine Sofies Stiftelse
MannsForum	Straffedes organisasjon i Norge
Mediebedriftenes Landsforening	Tekna
Mental Helse	Tolkeforbundet
MiRA-Senteret	Unge funksjonshemmede
Nasjonalforeningen for folkehelsen	UNICEF Norge
Norges Eiendomsmeglerforbund	UNIO Universitets- og høyskoleutdannedes forbund
Norges handikapforbund	Universitets- og høgskolerådet
Norges ingeniør- og teknologorganisasjon	Velferdsalliansen EAPN Norway
Norges Kvinne- og familieforbund	Voksne for Barn
Norges Røde Kors	Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
Norsk barnevernlederorganisasjon	
Norsk barnevernsamband	
Norsk fengsels- og friomsorgsforbund	

Høyringsfristen var 26. august 2024.

Ingen av høyringsinstansane har hatt realitetsmerknadar som gjeld dei spørsmåla som blir handsama i proposisjonen her.

3 Endringer i forskriftsheimel om fastsetjing av ansvarsgrensa

3.1 Gjeldande rett

Det følgjer av naturskadeforsikringslova § 3 andre ledd at det samla ansvaret til forsikringsselskapa ved ein enkelt naturkatastrofe er avgrensa til eit beløp som Kongen fastset i forskrift. Blir ansvarsgrensa overstigen, må dei som er sikra med naturskadeforsikring, tole ein høvesvis reduksjon av erstatningsbeløpa, jf. femte ledd. Ansvarsgrensa er sett til 16 milliardar kroner i naturskadeforsikringsforskrifta § 7. Ansvarsgrensa blei sist auka ved forskrift 23. november 2017 nr. 1828, med verknad frå 1. januar 2018. Ansvarsgrensa auka då frå 12,5 milliardar til 16 milliardar kroner.

3.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet 24. juni 2024 blei det foreslått å vidareføre naturskadeforsikringslova § 3 andre ledd i ny naturskadeforsikringslov § 8. Samstundes blei det foreslått å auke ansvarsgrensa frå 16 milliardar til 30 milliardar kroner ved å endre naturskadeforsikringsforskrifta § 7. Bakgrunnen for forslaget er omtalt slik i høyringsnotatet:

«Departementet viser til at det har vært en høy prisstigning på både fast eiendom, varer og tjenester siden 2018. Generelt må det også antas at risikoen for naturkatastrofer øker som følge av klimaendringer, men i og med at ansvarsgrensen er såpass høy, framstår det som like sannsynlig at den kan komme til å overstiges ved sjeldne naturulykker som jordskjelv eller flodbølge, som ved mer klimarelaterte naturulykker. Dersom det skulle inntre en naturkatastrofe av et slikt omfang at ansvarsgrensen overstiges, ville det være svært uheldig – og praktisk vanskelig – å måtte redusere erstatningsutbetalingene til de skadelidte. En økning av ansvarsgrensen øker muligheten for å kunne gi full erstatning dersom en katastrofe av et slikt omfang skulle inntreffe.»

Bakgrunnen for det konkrete forslaget om å auke grensa til 30 milliardar er omtalt slik i høyringsnotatet:

«Departementet har begrenset grunnlag for å si hvor høy ansvarsgrensen bør være. Det ville være uheldig om ansvarsgrensen skulle nås, men hensynet til å begrense kostnadene til gjenforsikring taler for at ansvarsgrensen fastsettes med utgangspunkt i katastrofer som vil kunne inntreffe med en viss grad av sannsynlighet. Den gjeldende ansvarsgrensen må anses å være høy for naturulykker man har erfaring med i naturskadeforsikringsordningen, siden det aldri har forekommet noen naturulykke hvor de samlede erstatningsutbetalingene har vært i nærheten av 16 milliarder kroner. Man kan likevel ikke utelukke naturulykker med erstatningsutbetalinger opp mot eller over ansvarsgrensen, eksempelvis jordskjelv nær Oslo eller Bergen. Kvikkleireskred i Trondheim eller flodbølge etter fjellskred ved Åknes er andre eksempler på mulige naturulykker som kan føre til svært høye erstatningsutbetalinger i naturskadeforsikringsordningen. Se ellers Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskaps Analyser av krisescenarioer 2019 for nærmere omtale av scenariene «Fjellskred i Åknes», «Kvikkleireskred i by» og «Jordskjelv i by».

Sjølv om ei auka ansvarsgrense kunne føre til auka kostnadar til gjenforsikring, blei det i høyringsnotatet gått ut frå at andre faktorar vil ha meir å seie for gjenforsikringskostnadane, som skadehistorikk i naturskadeforsikringsordninga, sannsynet for ein katastrofe opp mot ansvarsgrensa og den globale marknaden for gjenforsikring. Departementet antok difor at ein auke i ansvarsgrensa ville ha mindre å seie for premiane som kundane må betale, men bad om høyringsinstansane sitt syn på dette.

Til slutt blei det stilt spørsmål om ein bør fastsetje ansvarsgrensa etter ei form for automatisk regulering i staden for endringer i forskrifta sitt nominelle beløp, og eventuelt kva for metode som bør nyttast:

«Etter gjeldende regler er ansvarsgrensen fastsatt til et nominelt beløp. For at grensen skal stå seg over tid, uten at departementet behøver å ta initiativ til oppjustering, kunne det vært hensiktsmessig om den var gjenstand for automatisk regulering. Spørsmålet er likevel om det finnes en egnet metode. Departementet nevner i den forbindelsen at regulering etter konsumprisindeksen tar hensyn til økte kostnader, men ikke økt risiko (eller økt kunnskap om risiko) for naturskade. I og med at ansvarsgrensen vil

kunne nås ved sjeldne naturulykker, synes det å være begrenset faktisk grunnlag for å beregne ansvarsgrensen aktuarisk. Og etter hva departementet er kjent med, gjelder ikke kapitalkravberegningene til Solvens II-direktivet sjeldne naturulykker som flodbølge eller jordskjelv. Departementet ber om høringsinstansenes innspill til om ansvarsgrensen bør underlegges en form for automatisk regulering, og eventuelt om metode for dette.»

3.3 Høringsinstansane sitt syn

Forbrukarrådet støttar framlegget om å auke ansvarsgrensa til 30 milliardar kroner.

Finanstilsynet er samd i at det er føremålstenleg om ansvarsgrensa blir regulert automatisk. Tilsynet meiner at ei slik automatisk regulering kan gjerast ved å knytte berekninga til kapitalkravberekningane i Solvens II-regelverket, sjølv om naturulykker som flodbølgjer og jordskjelv ikkje er omfatta. Finanstilsynet forklarar synet sitt slik:

«I høringsnotatet argumenteres det med at hensynet til å begrense kostnadene til gjenforsikring taler for at ansvarsgrensen fastsettes med utgangspunkt i katastrofer som vil kunne inntruffe med en viss grad av sannsynlighet. Kapitalkravberegninger i Solvens II-regelverket er i utgangspunktet kalibrert for å gjenspeile tap som ikke oppstår oftere enn én gang per 200 år, dvs. at forsikringsforetaket kan oppfylle sine forpliktelser i løpet av kommende tolv måneder med 99,5 prosent sannsynlighet.

Det europeiske forsikringstilsynet, EIOPA, rekalkibrerer parametere til Solvens II-kapitalkravberegningene minimum hvert femte år, basert på siste tilgjengelige data og oppdaterte naturskademodeller. Dette omfatter både revurdering av parametere for eksisterende risikoer som dekkes av kapitalkravberegninger, og vurdering av potensielt nye risikoer knyttet til naturkatastrofer i hvert land. Også nasjonale tilsynsmyndigheter kommer med innspill til vurderingene. Siste rekalkibreringsøvelse ble gjennomført i 2023/2024 og har resultert i at EIOPA blant annet anbefaler å inkludere flomrisiko i beregningene for foretak som har eksponering mot naturkatastrofer i Norge. Det vil føre til en økning i solvenskapitalkravet for naturkatastrofer på brutto basis for norske forsikringsforetak. Inkludering av flomrisiko i beregning av solvenskapitalkravet etter den siste rekalkibreringsøvelsen, kan tol-

kes som at EIOPA vurderer sannsynligheten for at det oppstår naturkatastrofer i Norge av en type som ikke dekkes i Solvens II-regelverket, til å være mindre enn 0,05 prosent.

Skadeforsikringsforetakenes samlede solvenskrav knyttet til naturkatastroferisiko var på brutto basis om lag 21 milliarder kroner ved utgangen av 2023. Det anses uheldig at ansvarsgrensen til Naturskadepoolen i dag er vesentlig lavere enn dette brutto solvenskapitalkravet. Finanstilsynet vurderer det som hensiktsmessig at ansvarsgrensen beregnes i tråd med krav i Solvens II-regelverket, noe som også vil gi samme sikkerhetsnivå som for solvenskapitalkravet.»

Norsk naturskadepool meiner det er naudsynt med ei nærare utgreiing av spørsmålet om å auke ansvarsgrensa. Grensa må fastsetjast med utgangspunkt i dei same «tekniske/scenario-baserte- og statistiske modeller for kvantifisering av risiko og beregning av returperioder» som bransjen sjølv nyttar. Ein auke frå 16 til 30 milliardar kroner vil føre til uforholdsmessige kostnader, som vil føre med seg høgare premiar for forsikringstakarane. Når det gjeld spørsmålet om automatisk regulering av grensa, peiker poolen på at ansvarsgrensa kan «oppdateres i tråd med indeks- og eksponeringsøkninger i modellene som legges til grunn for fastsettelse av ansvarsgrensen. Subsidiært kan en ansvarsgrense basert på gode modelleringer indeksreguleres».

Også andre høringsinstansar tar til orde for nærare utgreiingar.

Den Norske Aktuarforening støttar «i prinsippet» ein auke i ansvarsgrensa, men saknar ei konkret risikoberekning. Foreininga peiker på at grensa bør setjast så høgt at det er «meget liten sannsynlighet» for at grensa blir overskriden, men at den foreslegne auken vil føre med seg ein monaleg auke i behov for og kostnader ved reasuranse. Foreininga saknar «en nærmere analyse av konsekvensene av økning av ansvarsgrensen og en mekanisme som kan justere grensen mer sømløst».

Finans Norge gir uttrykk for at det bør gjerast tydelegare vurderingar og konsekvensanalyse. Finans Norge meiner òg at den foreslegne auken er uforholdsmessig stor og vil føre til auka kostnader. Finans Norge foreslår òg at staten kan ta ansvar ved ei overskriding av grensa.

Næringslivets Hovedorganisasjon meiner ein auke av ansvarsgrensa frå 16 til 30 milliardar kroner manglar tilstrekkeleg grunngeving. Det bør gjerast «en avveining mellom det å ha tilstrekkelig

nivå på ansvarsgrensen for å unngå behov for avkortning i en eventuell ekstremsituasjon, mot det å løpende påføre forsikringstakerne en høyere kostnad ved å ha denne sikringen». Til spørsmålet om automatisk oppregulering av ansvarsgrensa foreslår NHO at det blir gjort «jevnlige evalueringer av nødvendig nivå på ansvarsgrense som grunnlag for senere justeringer».

Professor (em.) Hans Jacob Bull og førsteamanuensis Katrine Broch Hauge frå det Juridiske fakultetet ved *Universitetet i Oslo* saknar ein nærare analyse av behovet og kostnadane ved ein auke. Dei peiker på at dei samla utbetalingane etter ein naturkatastrofe aldri har vore i nærleiken av dagens ansvarsgrense.

3.4 Departementet sine vurderingar

Etter dei gjeldande reglane i naturskadeforsikringslova § 3 andre ledd skal Kongen fastsetje ansvarsgrensa som eit beløp. Det er viktig at ho er tilstrekkeleg høg og blir justert jamleg. Slik departementet forstår høyringsinstansane, er dei i hovudsak samde i at ansvarsgrensa bør aukast. Samstundes peiker fleire på at ei altfor høg ansvarsgrense vil føre til unødige kostnader for forsikringskundane.

Departementet har i liten grad faktiske og faglege forutsetningar for å vurdere kor høg ansvarsgrensa bør vere. Dagens ordning, som krev jamlege vurderingar og endringar av ansvarsgrensa, er dessutan ressurskrevjande. Samstundes gjer både forsikringsselskapa sjølv og Det europeiske forsikringstilsynet modelleringar i forbindelse med kapitalkravberekningar etter Solvens II-regelverket. Fleire høyringsinstansar har tatt til orde for bruk av modellar, og departementet viser særleg til høyringsfråsegnene frå Finanstilsynet og Norsk naturskadepool.

Departementet meiner at kapitalkravberekningane som blir gjort i samband med Solvens II-regelverket, har klare likskapstrekk med dei berekningane som blir gjort ved fastsetjing av ansvarsgrensa. Det er likevel ikkje gitt at dei er fullt ut samanfallande. Til dømes gjeld dei ulike regelverk med ulike mål, og modellane tar ikkje omsyn til dei same naturulukkene. Som det går fram av høyringsnotatet, vil ansvarsgrensa mellom anna kunne bli nådd ved sjeldne naturulukker, som jordskjelv eller flodbølgjer. Departementet er ikkje kjent med at det finst relevante modellar for å berekne risikoen for slike ulukker her i landet. Samstundes peiker fleire høyringsinstansar på at slike naturulukker er lite sannsynlege.

Departementet foreslår etter dette endringar i forskriftsheimelen i naturskadeforsikringslova § 3 andre ledd. Endringane inneber at ein i forskrift kan fastsetje ein mekanisme for automatisk justering av ansvarsgrensa, til dømes ved bruk av modellar. I seinare forskriftsarbeid vil departementet vurdere nærare korleis ansvarsgrensa bør fastsetjast.

4 Tilsyn med Norsk naturskadepool

4.1 Gjeldande rett

Ved lov 17. juni 2022 nr. 59 om endringer i naturskadeforsikringsloven mv. (etablering av naturskadepool i Norsk Naturskadepool mv.) og forskrift 26. januar 2024 nr. 111 om naturskadeforsikring blei det gjort omfattande endringar i reglane om naturskadeforsikring. Oppgåvene som er lagt til Norsk naturskadepool, er vesentleg meir omfattande enn dei var tidlegare.

Hovudtrekka ved oppgåvene til poolen etter endringane er beskrivne slik i høyringsnotatet punkt 5:

«Poolen ivaretar grunnleggende funksjoner i naturskadeforsikringsordningen, som fastsetting av premierate, tegning av gjenforsikring og skadeutligning mellom forsikringsselskapene. Alle forsikringsselskap som erstatter naturskade, skal være medlemmer i poolen, jf. naturskadeforsikringsloven § 4. Etter reglene som trer i kraft 1. januar 2025, skal det dessuten etableres en ordning der forsikringsselskapene avsetter overskudd i naturskadepool som forvaltes av poolen.»

Norsk naturskadepool er ikkje underlagt tilsyn i dag.

4.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet 24. juni 2024 blei det foreslått at Finanstilsynet skal føre tilsyn med Norsk naturskadepool, og at rammene for tilsynet skal følgje av finanstilsynslova. Forslaga er grunngjevne slik:

«Etter departementets syn er det flere grunner som taler for at Finanstilsynet bør føre tilsyn med poolen. Naturskadeforsikringsordningen er en viktig ordning, både for forsikringskundene og forsikringsselskapene. I en tid med hyppigere og mer omfattende naturskader må det antas at spørsmål om premier, gjenforsik-

ring, skadeutligning, risiko og soliditet for forsikringsselskapene vil bli stadig viktigere.

Etableringen av naturskadekapital under poolens forvaltning tilsier også at det er behov for tilsyn. Reglene om naturskadekapital gjelder store verdier. Naturskadekapitalen i selskapene har tidligere vært beregnet til å utgjøre ca. 8,5 milliarder kroner, og overgangsordningen i de nye reglene i naturskadeforsikringsloven § 4 legger opp til at poolens naturskadekapital skal nå en størrelse på minst fire milliarder kroner. Poolen vil ha ansvar både for å fastsette et samlet naturskaderegnskap som skal legges til grunn for innbetaling og utbetaling av naturskadekapital, og for forvaltningen av naturskadekapitalen, se naturskadeforsikringsforskriften §§ 23 og 39.

Departementet antar dessuten at tilsyn med poolen er hensiktsmessig i lys av interessemotsetningene mellom de store forsikringsselskapene, som har opparbeidet seg betydelig naturskadekapital gjennom årene, og de mindre forsikringsselskapene, som ikke har opparbeidet seg tilsvarende naturskadekapital. Departementet viser i den forbindelsen til at interessemotsetninger har vært et hensyn i arbeidet med naturskadeforsikringsforskriften, jf. kgl. res. 26. januar 2024 nr. 111 punkt 3.3.4, der det framgår at reglene om organisering og oppgaver «skal sikre en forsvarlig drift av poolen, under hensyn til at ulike interesser kan gjøre seg gjeldende, og bidra til klare ansvarsforhold og åpenhet på naturskadeforsikringsområdet».

Det synes naturlig at det er Finanstilsynet som fører tilsyn med poolen, og departementet viser her særlig til sammenhengen mellom poolens virksomhet og forsikringsselskapene, som Finanstilsynet allerede fører tilsyn med.»

Høyringsnotatet inneholdt også forslag om at risikostyringsforskrifta og IKT-forskrifta skal gjelde for poolen. Som følge av forslaget om at Finanstilsynet skal føre tilsyn med poolen, blei det i høyringsnotatet dessutan foreslått at Finanstilsynsklagenemnda blir klageorgan for vedtak om fastsetjing av avgift for forsikringstakarar som teiknar eller fornyar brannforsikring i eit forsikringsselskap som ikkje er medlem av poolen.

4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Forbrukarrådet, Oslo kommune, Advokatforeningen og Den Norske Aktuarforening støttar fram-

legget om at Finanstilsynet skal føre tilsyn med Norsk naturskadepool. *Oslo kommune* peiker på at tilsyn med poolen kan gi allmenta auka tryggleik for at poolen blir drifta forsvarleg. *Advokatforeningen* peiker på at som ein følge av økt ansvar for poolen «kan risikoen for interessekonflikter mellom deltakende forsikringsselskaper i poolen øke og behovet for reguleringer vil være viktige. Det er derfor viktig med et nøytralt kontrollorgan som allerede har erfaring fra forsikringsbransjen».

Norsk naturskadepool peiker på at om poolen skal underleggjast tilsyn, vil dette «innebære noe omstrukturering og innarbeidelse for administrasjonen og styret i Norsk Naturskadepool. Spesielt gjelder dette risikovurderinger som må gjennomføres av styret og meldeplikt til Finanstilsynet vedrørende utkontraktering. Alle avtaler som Norsk Naturskadepool er avtalepart i må klassifiseres, i tillegg må de avtalene hvor det er tale om meldeplikt gjennomgås av styret før det meldes til Finanstilsynet». Poolen peiker òg på at tilsyn ikkje bør setjast i verk før 1. januar 2026, slik at det nye styret får moglegheit til å områ seg.

Finans Norge gir ikkje uttrykk for om dei støttar forslaget om tilsyn, men peiker på «at kravet om tilsynsoppfølging blant annet vil medføre administrative utgifter for poolen, som igjen vil være et kostnadsdrivende element for premiefastsettelsen i naturskadeordningen». Organisasjonen peiker òg på at poolen må gis nok tid på å tilpasse seg kravet om tilsyn før føresegnene trer i kraft.

4.4 Departementet sine vurderingar

Departementet foreslår å følge opp framlegget i høyringsnotatet om at Finanstilsynet skal føre tilsyn med Norsk naturskadepool, og viser til grunngevinga der. Departementet kan ikkje sjå at høyringa gir grunn til ei anna vurdering.

Departementet foreslår at reglane om tilsyn tas inn som nytt § 4 femte ledd i naturskadeforsikringslova.

Spørsmålet om Norsk naturskadepool skal vere omfatta av forskrift om risikostyring og internkontroll og forskrift om bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), blir handsama i eit etterfølgjande forskriftsarbeid. Det same gjeld spørsmålet om Finanstilsynsklagenemnda bør bli klageorgan for vedtak om fastsetjing av avgift for forsikringstakarar som teiknar eller fornyar brannforsikring i eit forsikringsselskap som ikkje er medlem av poolen.

5 Endringar i tvangsfyllbyrdingslova

5.1 Gjeldande rett

Tvangsfyllbyrdingslova § 5-1 andre ledd har reglar om kven som kan vere prosessfullmektig i saker om tvangsfyllbyrding for namsmannen. Føreseigna lyder slik:

«Om prosessfullmektig gjelder tvisteloven kapittel 3 tilsvarende. Dessuten kan en inkassobevillingshaver hos en inkassator som driver inkassovirksomhet i medhold av inkassobevilling etter inkassoloven, være prosessfullmektig etter samme regler som advokater under tvangsfyllbyrdelse i inkassoopdrag som inkassatoren har for parten. Videre kan den som har rett til å drive rettshjelpsvirksomhet etter domstoloven § 218 annet ledd nr. 1 til 3, være prosessfullmektig under tvangsfyllbyrdelse i rettshjelpsoppdrag som vedkommende har for parten. For prosessfullmektig etter tredje punktum gjelder tvisteloven § 12-1 på tilsvarende måte som for advokater.»

Reglane i domstolova § 218 andre ledd, som det er vist til, blei oppheva ved lov 12. mai 2022 nr. 28 om advokater og andre som yter rettslig bistand, som tok til å gjelde 1. januar 2025.

Personar med rett til å drive rettshjelpsverksemd etter domstolova § 218 andre ledd nr. 1 til 3 gjaldt personar med juridisk embetseksamen eller mastergrad i rettsvitenskap, jf. nr. 1, statsautoriserte og registrerte revisorar, jf. nr. 2, og personar med individuell løyve, jf. nr. 3. Rettshjelparen kunne berre opptre som prosessfullmektig i rettshjelpsoppdrag han eller ho hadde for parten. For persongruppene nemnde i nr. 2 og 3 tyder dette at dei berre kunne opptre som prosessfullmektigar i saker som fall innfor det saklege området for løyvet dei hadde til å yte rettshjelp etter føreseigna.

Sakshandsaminga i saker for tingretten er regulert i tvangsfyllbyrdingslova kapittel 6. Tvangsfyllbyrdingslova § 6-2 om prosessfullmektig svarer i det vesentlege til § 5-1 andre ledd.

Twistelova § 3-3 gjeld tilsvarende for høvet til å vere prosessfullmektig etter tvangsfyllbyrdingslova §§ 5-1 og 6-2, jf. tvangsfyllbyrdingslova § 5-1 andre ledd første punktum og § 6-1 første ledd. Utgangspunktet i twistelova § 3-3 første ledd er at ein advokat kan vere prosessfullmektig under rettargong. I tillegg er det eit visst høve for andre til å opptre som prosessfullmektig. Etter fjerde ledd første punktum kan retten tillate at ein annan

skikka myndig person opptrer som prosessfullmektig. Det går vidare fram av fjerde ledd andre punktum at ein jurist som gir rettsleg bistand som ledd i næringsverksemd, berre kan vere prosessfullmektig dersom vilkåra i advokatlova § 68 er oppfylte.

5.2 Forslaget i høyringsnotatet

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt høyringsnotat 4. juni 2024 blei det foreslått å endre reglane i tvangsfyllbyrdingslova §§ 5-1 og 6-2, slik at juristar kan vere prosessfullmektigar i tvangsfyllbyrdingssaker for namsmannen og tingretten:

«Når advokatloven trer i kraft, oppheves rettsrådsmonopolet slik at enhver kan yte rettslig bistand utenfor rettergang. Opphevelsen av rettsrådsmonopolet innebærer at rettshjelperordningen opphører. Det er derfor behov for å endre tvangsfyllbyrdelsesloven §§ 5-1 og 6-2.

Departementet foreslår at dagens bestemmelser om rettshjelpere i tvangsfyllbyrdelsesloven §§ 5-1 og 6-2 endres til å omfatte jurister. I vurderingen er det sett hen til de vedtatte endringene i tvisteloven § 3-3 fjerde ledd andre punktum og § 6-7 første ledd bokstav b. Når advokatloven trer i kraft, vil det følge av twisteloven § 3-3 fjerde ledd andre punktum at en jurist som yter rettslig bistand som ledd i næringsvirksomhet, bare kan være prosessfullmektig hvis vilkårene i advokatloven § 68 er oppfylt. Det er også vedtatt endringer i twisteloven § 6-7 første ledd bokstav b om hvem som kan være prosessfullmektig for forliksrådet. I dag følger det av denne bestemmelsen at partene kan bruke rettshjelpere etter domstoloven § 218 annet ledd nr. 1 til 3 som prosessfullmektig for forliksrådet. Når advokatloven settes i kraft, endres bestemmelsen til å omfatte «jurist».

Departementets foreløpige vurdering er at det vil være tilstrekkelig å stille krav om at en prosessfullmektig i tvangsfyllbyrdelsessaker for namsmannen og tingretten er jurist. Med «jurist» menes person med juridisk embetseksamen, master i rettsvitenskap eller godkjent juridisk utdanning fra utlandet, jf. advokatloven § 2 bokstav c og § 67 første, andre og fjerde ledd.

Adgangen for en jurist til å være prosessfullmektig i tvangsfyllbyrdelsessaker kan være begrenset av et forbud mot å yte rettslig bistand, jf. advokatloven § 70 første ledd. Etter advokatloven § 70 vil Advokattilsynet kunne

forby en person å yte rettslig bistand etter § 66 hvis vedkommende yter rettslig bistand som ledd i næringsvirksomhet på en uforsvarlig måte, og det er utilrådelig at vedkommende fortsetter å yte slik bistand. Et forbud mot å yte rettslig bistand kan ilegges for en bestemt tid på inntil fem år. Forbudet kan begrenses til å gjelde en bestemt type rettslig bistand.

Forslaget innebærer en utvidelse av juristers adgang til å være prosessfullmektig i saker om tvangsfullbyrdelse for namsmannen og tingretten. For personer som er omfattet av domstoloven § 218 andre ledd nr. 2 og 3 foreslår departementet at adgangen til å være prosessfullmektig skal vurderes etter tvisteloven § 3-3 fjerde ledd første punktum, jf. tvangsfullbyrdsloven § 5-1 andre ledd første punktum og § 6-1 første ledd. Det samme gjelder for andre som yter rettslig bistand etter advokatloven § 66.

Departementets foreløpige vurdering er at det ikke er behov for overgangsregler for personer som er omfattet av domstoloven § 218 andre ledd nr. 2 og 3, ettersom disse personene vil kunne søke om å være prosessfullmektig i den enkelte sak.»

5.3 Høyingsinstansane sitt syn

Ingen høyringsinstansar har hatt merknadar til framlegget i høyringsnotatet.

5.4 Departementet sine vurderingar

Departementet foreslår å endre reglane i tvangsfullbyrdslova §§ 5-1 og 6-2 slik at juristar kan vere prosessfullmektigar i tvangsfullbyrdsingsaker for namsmannen og tingretten. Departementet viser til grunngjevinga i høyringsnotatet, og at ingen høyringsinstansar har hatt merknadar til framlegget.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ei endring av forskriftsheimelen i naturskadeforsikringslova § 3 andre ledd slik at det blir mogleg å gi reglar i forskrift om ei automatisk justering av ansvarsgrensa, til dømes ved bruk av modellar, vil i seg sjølv ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Med ei automatisk justering av ansvarsgrensa vil det i framtida ikkje vere naudsynt for departementet å ta initiativ til jamlege justeringar. Dette vil kunne innebere ei viss

ressursinnsparing for departementet og høyringsinstansane. Ei automatisk justering vil kunne gi ei meir presis ansvarsgrense. Ei utgreiing av økonomiske og administrative konsekvensar må gjerast i samband med forskriftsarbeidet.

Framlegget om at Finanstilsynet skal føre tilsyn med Norsk naturskadepool, vil føre med seg arbeid for Finanstilsynet og poolen. Det følgjer av finanstilsynslova § 9 at utgiftene til tilsynet skal bli utlikna på føretaka (sjå òg ny finanstilsynslov § 6-1), og departementet legg difor til grunn at naturskadepoolen må betale tilsynsavgift. Kostnadane som tilsynet vil føre med seg, kan føre til auka forsikringspremiar, men dei skal samstundes fordelast på svært mange kundar. Sett i samanheng med den sannsynlege storleiken på kostnadane må ein kunne rekne med at ein eventuell kostnadsauke for den enkelte kunden vil bli svært beskjeden.

Framlegget om endringar i tvangsfullbyrdslova vil kunne gjere juristar noko meir konkurranseedyktige i marknaden for juridiske tenester. Departementet kan elles ikkje sjå at framlegget har økonomiske konsekvensar av betydning.

7 Merknadar til dei enkelte føresegnene

Til naturskadeforsikringslova § 3

Departementet foreslår endringar i forskriftsheimelen om ansvarsgrense i *andre ledd*. Heimelen skal gjere det mogleg å gi forskriftsføresegnar som endrar ansvarsgrensa automatisk. Føresegnene kan mellom anna innebere at ansvarsgrensa heilt eller delvis blir knytt til indekser, modelleringar eller andre eksterne berekningar. Departementet viser som døme til forslaget frå Finanstilsynet om å knyte ansvarsgrensa til kapitalkravs-berekningar som Det europeiske forsikringstilsynet gjer etter Solvens II-regelverket. Nærare bakgrunn går fram av punkt 3.

Til naturskadeforsikringslova § 4

Nytt *femte ledd* i § 4 svarer til lovforslaget i høyringsnotatet § 13. Føresegna legg Norsk naturskadepool under tilsvarende kontrollregime som andre Finanstilsynet fører tilsyn med, sjå finanstilsynslova § 3 første ledd og ny finanstilsynslov § 1-3 første og andre ledd. At tilsynet skal førast etter reglane i finanstilsynslova, gir Finanstilsynet verkemiddel til å følgje opp brot på pliktene til

poolen, jf. finanstillsynslova §§ 4 flg. og ny finanstillsynslov kapittel 4. Forslaget er omtalt nærare i punkt 4.

Departementet foreslår å gjere noverande femte ledd til nytt sjette ledd.

Til tvangsfullbyrdingslova § 5-1

Departementet gjer i *andre ledd tredje punktum* framlegg om at juristar kan vere prosessfullmektingar i tvangsfullbyrdingssaker for namsmannen. Endringa kjem av at rettshjelparordninga tok slutt 1. januar 2025, og at det difor ikkje lenger gir meining at rettshjelparar kan vere prosessfullmektingar. Framlegget er nærare omtalt i punkt 5.

Til tvangsfullbyrdingslova § 6-2

Framlegget om å endre *andre punktum* svarer til framlegget til endringar i tvangsfullbyrdingslova § 5-1, sett bort frå at det gjeld saker for tingretten, ikkje namsmannen. Departementet viser til merknaden til endringane i tvangsfullbyrdingslova § 5-1.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i naturskadeforsikringslova m.m. (ansvarsgrense og tilsyn med Norsk naturskadepool).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i naturskadeforsikringslova m.m. (ansvarsgrense og tilsyn med Norsk naturskadepool) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i naturskadeforsikringslova m.m. (ansvarsgrense og tilsyn med Norsk naturskadepool)

I

I lov 16. juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring blir det gjort følgjande endringar:

§ 3 andre ledd skal lyde:

Forsikringsselskapenes samlede ansvar ved en enkelt naturkatastrofe begrenses *etter nærmere regler* som fastsettes av Kongen i forskrift.

§ 4 nytt femte ledd skal lyde:

Finanstilsynet fører tilsyn med Norsk naturskadepool etter reglene i finanstilsynsloven.

Noverande femte ledd blir nytt sjette ledd.

II

I lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse blir det gjort følgjande endringar:

§ 5-1 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Videre kan *en jurist* være prosessfullmektig under *tvangsfullbyrdelse*.

§ 6-2 andre punktum skal lyde:

Videre kan *en jurist* være prosessfullmektig under *tvangsfullbyrdelse*.

III

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilde føresegnene til ulik tid.
